



*Vinje  
kommune*

**Økonomiplan og handlingsprogram 2015 - 2018  
og  
Budsjett 2015**

Handsamast i Kommunestyret 11.12.2014

## Innhold

Handsamast i Kommunestyret 11.12.2014 .....	1
<i>Budsjettvedtaket</i> .....	4
<i>Samandrag</i> .....	4
<i>Innleiing</i> .....	5
<i>Det økonomiske opplegget for perioden 2015 – 2018</i> .....	6
Innleiing.....	6
Det generelle økonomiske biletet.....	6
Frie inntekter.....	6
Folketalsutvikling og aldersfordeling .....	7
Økonomisk status .....	8
Føringar for budsjettarbeidet .....	9
Nokre sentrale talstorleikar .....	9
Disponibelt for drift .....	9
Verknader av statsbudsjettet for 2015:.....	9
<b>Prisar og gebyr på kommunale tenester</b> .....	11
<b>Kraftprisen</b> .....	11
<b>Bufferar</b> .....	11
Nedskjeringar .....	12
Kommentarar knytt til dei einskilde einingane .....	12
Oversyn over innspel ein ikkje har funne plass til i driftsbudsjettet.....	17
Gjennomgang av innkomne søknader .....	17
<i>Investeringar</i> .....	18
Oversyn over investeringar ein ikkje har funne plass til i budsjettet.....	20
<i>Fondsmidlar</i> .....	21
Konsesjonsavgiftsfondet .....	21
Næringsfond .....	21
Kapitalfond .....	22
Andre fondsmidlar .....	22
<i>Budsjettskjema 1 A - Driftsbudsjettet</i> .....	23
<i>Budsjettskjema 1 B - Driftsrammer til einingan</i> .....	24
<i>Bufferspesifikasjon for løns- og prisvekst</i> .....	26
<i>Budsjettskjema 2 A – Investeringsbudsjettet</i> .....	27
<i>Budsjettskjema 2 B - Investeringsbudsjett</i> .....	28
<i>Rådmannsteamet</i> .....	30
Rådmannsteamet – driftsbudsjett .....	32
<i>Barnehagar</i> .....	33
Barnehagane – driftsmål .....	33
Hakkespetta barnehage – driftsbudsjett .....	34
Rauland barnehage – driftsbudsjett .....	35
Edland barnehage – driftsbudsjett.....	36
<i>Skular</i> .....	37
"Vinjeskulen" – driftsmål .....	37

Vaksenopplæring – mål og tiltak.....	37
Rauland skule – driftsbudsjett .....	38
Åmot skule – driftsbudsjett .....	39
Edland skule – driftsbudsjett.....	40
Øyfjell oppvekstsenter – driftsbudsjett.....	41
<i>Helse og omsorg</i> .....	42
<i>NAV – sosial</i> .....	45
NAV .....	45
NAV– driftsbudsjett.....	46
<i>Barneverntenesta i Vest-Telemark</i> .....	47
Barnevernstenesta – driftsbudsjett .....	48
<i>Næringskontoret</i> .....	49
Næringskontoret – driftsbudsjettet .....	50
<i>Økonomi, plan og utvikling</i> .....	51
Driftsbudsjett .....	52
<i>Teknisk drift og vedlikehald</i> .....	53
Driftsmål.....	53
Driftsbudsjett Teknisk drift og vedlikehald .....	54
<i>Vinje kjøkkendrift</i> .....	55
Driftsmål.....	55
Vinje kjøkkendrift – driftsbudsjett.....	56
<i>Tenestetorget</i> .....	57
Driftsmål.....	57
Driftsbudsjett .....	58
<i>Reinhald og tekstil</i> .....	59
Driftsbudsjett .....	60
<i>Organisasjon, Arkiv og IKT</i> .....	61
Driftsbudsjett .....	66
<i>Kultureininga</i> .....	67
Driftsbudsjett .....	68

## *Budsjettvedtaket*

1. Kommunestyret vedtek forslag til Budsjett 2015 og Økonomiplan/ handlingsprogram 2015 – 2018 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen, og med endringane tilrådd av formannskapet 20.11.2014
2. Det kommunale skatteøret vert fastsett til dei maksimalesatsar som Stortinget vedtek
3. For eigedomsskatteåret 2015 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2015 er 7 % av takstverdi, jf. esktl. § 11 første ledd. Takstvedteker for eigedomsskatt i Vinje kommune blei vedtatt i kommunestyret 31.10.2008, dei skal gjelde for eigedomsskatteåret 2015, jf. esktl. § 10. I medhald av kap 5. i lov om eigedomsskatt av 6. juni 1975 nr. 29, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk i kommunen med 7 % av takstverdi. Eigedomsskatten forfell til betaling i 2. terminar, 1. april og 1. september
4. Vinje kommune tek opp lån 64 mill., med avdragstid 30 år
5. Salsprisen for konsesjons-/særavtalekraft vert sett til månadsmiddel spotpris Kristiansand – 10 %, med eit golv på 100 kr/MWh og eit tak på 450 kr/MWh.
6. Andre kommunale prisar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «kommunale prisar og gebyr»
7. Oppvekst – og velferdsutvalet prioriterer mellom aktuelle kulturtiltak innafor eit eventuelt rekneskapsmessig mindreforbruk på kultureininga for budsjettåret 2014
8. Kommunestyret vedtek framlegg til detaljert driftsmål for 2015, slik dei går fram av vedlegget «driftsmål»
9. Kjøp av audiovisuelt utstyr inntil kr. 100.000,- til Vinjehuset blir dekt av buffer utforutsette utgifter.

## *Samandrag*

Budsjettet har ei totalramme på 423 mill. kr, og ein investeringsplan på 102 mill kr i 2015.

På same måte som i tidlegare år, er det i nokon grad utfordringar i høve til kommuneøkonomien. Utfordringane er framleis som samanfatta under:

- ⇒ Store inntektspostar aukar lite i økonomiplanperioden
- ⇒ Vekst på utgiftssida gjennom stor lønnsmasse
- ⇒ Lite att på dei kommunale fonda
- ⇒ Høg investeringstakt også i 2014
- ⇒ Lånegjelda aukar

Behova for kontinuerleg reduksjon i driftsnivået speglar m.a. at ein har investert i meir infrastruktur enn kommunen greier drive på ein forsvarleg måte. Det ambisiøse investeringsprogrammet vil ytterlegare auke krava til omlegging av kommunens drift i åra som kjem.

Kommunens disponible fondsmidlar vil bli redusert frå 33,1 til 24,8 mill. kr i perioden. Dette gjeld samla sett for kapitalfond, næringsfond, konsesjonsavgiftsfond og disposisjonsfond.

Det skal investerast for om lag 336 mill. kr i perioden 2015 – 2018. Av dette 102 mill. i planperiodens første år. Ei storsatsing på vatn- og avløp, samt investeringar innan barnehage og skule på Rauland og i Edland og samlokalisering av helsesentra i Vinje er hovudårsaka til det ambisiøse investeringsnivået.

Det er utarbeida konkrete driftsmål for kommuneorganisasjonen, slik at dokumentet sin funksjon som handlingsprogram er synleg og handfast. Slik dette no er utforma, så nærmar kommunen seg i nokon grad konseptet "balansert målstyring". På den andre sida er måla knytt til kvalitet i tenesteproduksjonen, slik at ein får etablert politisk vedtekne resultatforventingar. Resultatet av dette arbeidet er ein del av planen, og er lagt under kvart tenestemråde eller resultatteining.

## *Innleiing*

Økonomiplanen 2015 - 2018 og årsbudsjettet for 2015 er handsama som éi sak. Årsbudsjettet for 2015 er såleis identisk med første året i økonomiplanperioden.

Resultatvurderinga av fjoråret på vårparten kvart år er, saman med dialogprosessen, den reelle starten på kvar budsjettprosess. I inneverande år har langt på veg følgd same budsjettprosess som ifjor, gjennom orientering til formannskapet og eit kombinert administrativt og politisk budsjettseminar, ettersom ein hadde positive røynsler frå opplegget førre hausten.

For budsjettaktivitetane i andre halvår er følgjande tidsplan nytta:

<i>27 – 28 oktober</i>	<i>Budsjettgjennomgang/drøfting mellom formannskapet og einingsleiarane.</i>
<i>20 november</i>	<i>Formannskapet gjev innstilling til kommunestyret.</i>
<i>27 november</i>	<i>Budsjettinnstillinga vert lagt ut til offentleg ettersyn.</i>
<i>11 desember</i>	<i>Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan.</i>

Budsjett/økonomiplan er sett opp i tråd med prinsippa om rammestyring som kommunestyret vedtok 12.03.2001. Dette tyder at kommunens resultatteiningar får ei nettoramme for drifta som pålagde oppgåver skal løysast innanfor. Rammestyninga inneber og at eventuelle mindreforbruk i høve til driftsrammene eitt år, vert tilført einingane sine driftsrammer ved godkjenning av rekneskap og eininga sitt budsjettresultat påfølgjande år. På same måte skal meirforbruk trekkjast av eininga sine driftsrammer året etter eller i løpet av dei 2 påfølgjande åra.

I tillegg til driftsrammene inneheld budsjett/økonomiplan eit investeringsprogram for dei neste 4 åra.

## Det økonomiske opplegget for perioden 2015 – 2018

### Innleiing

Økonomien set rammer for korleis kommunen kan dekke innbyggjarane sine behov. Rett nok er mange av rammevilkåra for utvikling av kommuneøkonomien fastlagt av tilhøve utanom kommunen. Gjennom langsiktig planlegging og styring kan likevel lokale styresmakter påverke den økonomiske utviklinga.

**Det generelle økonomiske biletet** er at gjennomføring av dei store vedtatte investeringane i Hovudplan for vatn og avlaup, og svekka inntekter frå sal av straum, legg press på tenesteytinga i kommunen. Ved å følgje desse utbyggingsplanane, så vil gjelda auke med om lag 40%, med ein topp på 547 mill kr i 2017. Då går 12,5% av frie inntekter til betening av gjeld.

Det er særleg inntektene til næringsfondet som får ein knekk framover. Det er her ein har henta dekning av satsingar på løypekøyning, nærings- og landbruksstøtte, samt infrastruktur på Teknisk. Dersom ein skal oppretthalde nivået på desse ytingane, lyt ein truleg skjere ned på andre tenestemråde. Alternativet er å ta opp att eigedomsskattediskusjonen.

### Frie inntekter

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter. Det er inntekter kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene blir bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i fire inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskot og korreksjon av rammetilskot for oppgaveendringar. Når nivået på samla frie inntekter for 2015 er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekkje anslaget for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Vinje kommune har inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft» (KKST). I tillegg har kommunen inntekter frå sal av særavtalekraft til alminneleg forsyning. For 2015 tar kommunen ut all tilgjengeleg særavtalekraft, samt noko ordinær konsesjonskraft til dette formålet. Pris for særavtalekraft er lågare enn pris for konsesjonskrafta. Det har vore ein kraftig auke i pris for konsesjonskrafta, så eige tabell. Adm., drift og vedlikehaldskostnadane for Vinje kraftverk har auka frå 32,1 mill til 77,6 mill. Det gjev store utslag i pris.

	2013	2014	Auke	%
<b>Vinje</b>	9,4	15,03	5,63	59,89
<b>Songa</b>	10,47	10,66	0,19	1,81
<b>Kjela</b>	18,43	17,89	-0,54	-2,93
<b>Særavtala</b>	4,93	5,02	0,09	1,83

Det er vanskeleg å budsjettere inntektene frå krafta grunna store variasjonar i marknadsprisene. Prisene i kraftmarknaden har sidan september vore i fritt fall. Siste del av oktober og første dagane i november var prega av låge prisar.

Magasinfyllinga i Norge nærmar seg i skrivande stund normalen for årstida (snittet for landet), og prisane nå er lågare enn ved førre budsjett. Det er fleire grunner til dette, slik som varmt og vått vær og dertil lågare forbruk. Dei langsiktige prisane er ekstremt påverkeleg av vær situasjon her og nå, og det noko av forklaringa på dei låge prisane framover i perioden. Krafta omsettas i EURO på Nordpool, slik at prisane også er påverka av valutakursen. Frå 1. nov 2013 og fram til i dag har det vore relativt store svingingar i EUR-kursen.

KKST forventar langt lågare inntekter i åra framover samanlikna med dei siste åra. Det betyr mindre midlar til næringsfond for Vinje sin del. I økonomiplan 2013-2016 låg det an til eit næringsfond på 35,1 mill i 2015 og 39,6 mill i 2016. I denne perioden ligger det ann til 22,8 mill for 2015 og 21,9 mill i 2016. Det er med på å understreke kor usikker denne inntekta er.

I høve til driftsbudsjettet er det gjerne demografiske tilhøve, som folketalsutvikling og alderssammansetjing, som er avgjerande for utgiftsbehovet i kommunen. Samstundes har desse faktorane stor innverknad for nivået på dei statlege overføringane. Meininga er at rammetilskotet skal reflektere at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive menneske klarer seg i hovudsak sjølv, mens dei yngste skal ha barnehage og skuleplass. Dei eldre gjev kostnader på helse og omsorgstenestene. Samstundes er det ikkje sikkert at ein får redusert kostnader i tenestetilbodet på grunn av demografiske endringar. Vi vil då oppleve at det blir mindre pengar til rådvelde.

I forslaget til statsbudsjett er utgiftsbehovet for 2015 på landsbasis berekna til om lag 238,9 mrd. kr, noko som utgjer 46 494 kr pr. innbyggjar. Vinje kommune er ca. 11 % dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet. Det er ei auke på 0,8 % frå 2014. Sterkast utslag er det innan helse som ligg ca. 40,1 % over landsgjennomsnittet, samt pleie- og omsorg som ligg ca. 21,4 % over landsgjennomsnittet. Årsaka er mellom ana mange eldre, samt at det er valt ei ordning med tenester i tre distrikt.


Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet får Vinje kommune tilført 5 103 kr pr. innbyggjar. Kommunane skal i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei ikkje har verknad på sjølv via utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer.

For å danne seg eit bilete av utviklinga i planperioden innafor ulike tenesteområde, vil ein under ta ein gjennomgang av utviklingstrekk som innverkar på den kommunale ressursbruken.

### **Folketalsutvikling og aldersfordeling**

Folketalet i Norge held fram med å vokse heile dette hundreåret jf. SSB sin folketalsframskriving. Veksten blir særleg stor i og rundt de store byene, og vi blir stadig fleire eldre: I 2060 er kvar femte innbyggjar i Norge minst 70 år gamal.

Denne grafikken syner SSB sine forventningar i høve til folketalsutvikling i Vinje kommune dei kommande fireårsperiodane, måla mot 2013.



Kjelde: Kommunebarometeret 2014

I figuren over er det brukt tilnærma same aldersfordeling som inntektssystemet operer med. Dette gjev eit godt grunnlag for å kunne sjå potensielt press på tenestetilbodet, og for å få korrekt dimensjonering av tenestene våre.

«Kostnadsdrivarane» innan kommunalt tenestetilbod er gjerne dei yngste og dei eldste. Figuren indikerer svak vekst i målgruppa til barnehagane og etter kvart vekst i talet på skulebarn. Desse gruppene har også relativt større vekst enn folketalet generelt. Ser ein utviklinga i dei eldste aldersgruppene, så vil ifølge SSB talet personar i aldersgruppa 67-79 år auke i dei neste åra. I aldersgruppa 80-89 år er det forventa ei moderat utvikling i dei næraste åra, og ein relativt kraftig vekst etter 2020. Også for personar i aldersgruppa over 90 år ventar ein auke i dei neste åra.

Vekst i aldersgruppene 0-5 år og 6-15 år dreg isolert sett i retning av auka utgifter til barnehage og grunnskule. Fleire eldre i aldersgruppene over 67 år bidreg isolert sett til auka utgifter til pleie- og omsorgstenestene.

### Økonomisk status

Kommunen var ved tusenårsskiftet gjennom omfattande omstillingar og nedbemanning. Budsjett-situasjonen er, i eit langsiktig perspektiv, avhengig av ei kontinuerleg innstramming av driftsutgiftene gjennom driftsrasjonalisering og færre tilsette.

Det er fleire indikatorar som vert nytta som mål på om ein kommune har kontroll på økonomien. Under vil ein stutt gjennomgå Vinje sin status på desse:

Netto driftsresultat over 3%	ca 5%	
Netto lånegjeld under 50% av brutto driftsinntekter	Over 100%	
Disposisjonsfond over 5% av brutto driftsinntekter	0,1%	



Trass i at to av tre indikatorar fell gjennom, har ein framleis handlingsrom i kommuneøkonomien i Vinje. Tek ein omsyn til den samla fondsbeholdninga kjem ein om lag på 8%. Det gjev likevel ein peikepinn på at spareraten burde opp og gjeldsnivået nedover.

### **Føringar for budsjettarbeidet**

Følgjande har vore førande for budsjettarbeidet:

1. Politiske føringar gjevne av kommunestyret etter dialogseminar.
2. Behovet for å tryggje drifta av det tenestetilbodet kommunen skal gje dei neste åra, dvs. realistiske budsjetttrammer.

### **Nokre sentrale talstorleikar**

Budsjett og økonomiplan er sett opp i faste prisar med ein årleg kostnadsvekst (deflator) i kommunal sektor på 3 %. Neste års lønnsvekst er isolert sett rekna til 3,3% (utgjer 2/3 av deflator) og prisvekst på vare- og tenestekjøp på om lag 2,5%.

### **Disponibelt for drift**

Element som ikkje har stor samanheng med statsbudsjettet:

- Det er budsjettert med 23,9 mill kr i konsesjonsavgifter. Desse blir i første omgang avsett til konsesjonsavgiftsfond. Avgiftene blir indeksregulert kvart femte år, sist i 2012. Konsesjonsavgiftene vert først innbetalt heilt i slutten av året, forfall 31.12. Den seine innbetalinga påverkar likviditeten. Om lag 10,3 mill. kr frå konsesjonsavgiftene vert nytta i drifta og om lag 33,3 mill. kr vert nytta til investeringar i 2015. Bruken av konsesjonsavgifter i drifta blir som i 2014 vist direkte i budsjettet på dei aktuelle føremåla.
- Sal av konsesjonskraft er budsjettert med 13,3 mill kr i 2015, i tråd med førebels budsjett frå konsesjonskraftstyret. Nivået er litt lågare enn 2014. Låge prisforventningar gjer at prognosa er svakare utover i perioden. Desse inntektene blir i sin heilskap avsett til næringsfond, men ein vesentleg del går i neste omgang til å finansiere driftsrammene for næringskontoret og infrastruktur i TDV sine driftsrammer.
- Renter og avdrag i 2015 er basert på ei gjeld på ca 443,2 mill kr (inkl formidlingslån frå Husbanken) og eit flytande rentenivå på 2,14 % i byrjinga av økonomiplanperioden, og etterkvart ein gradvis auke i rentenivået opp mot 3,82%. Vinje kommune samarbeider med Bergen Capital Management om styring av gjeldsportefølja.
- Det er budsjettert med same utbytteforventing frå selskap i åra som kjem, som ein hadde i 2014-budsjettet.
- Momskompensasjonen på drifta er frå 2013 budsjettert på kvar resultateining. Kompensasjon frå investeringstiltak er trekt ut av drifta og ligg som inntekt investeringsbudsjettet.

### **Verknader av statsbudsjettet for 2015:**

Framlegg til statsbudsjett har sjølvsagt store innverknader på alle kommunane sine budsjett, slik også for Vinje.

**Rammetilskot og skatteinntang:**

Vinje er ikkje blant kommunane i Telemark med høgast vekst i frie inntekter. Med ein beregna kostnadsvekst i kommunal sektor på 3% og ein nominell inntektsvekst for Vinje på 4,1%, er det likevel ein auke som har gjort budsjetthandsaminga lettare enn hjå mange andre innan kommunal sektor.

På bakgrunn av dette er det laga prognoser for Vinje kommune sine inntekter frå skatt og rammetilskot som følgje av framlegget til statsbudsjett:


	1 000 kr.	Budsjett /Økonomiplan			Budsjett
		2018	2017	2016	2015
1	Skatt på inntekt og formue	-98 941	-97 676	-96 411	-95 147
2	Ordinært rammetilskot	-86 163	-85 281	-84 401	-83 219
3	Skatt på eigedom	-60 112	-60 112	-60 112	-60 112
4	Andre direkte/indirekte skattar	-58 611	-58 611	-58 611	-58 109

Line 4 i skjemaet over, inneheld naturressursskatt og konsesjonsavgifter.

**Rentenivå**

Regjeringa tek omsyn til renteutviklinga på amortiseringstilskota knytt til omsorgstenestene og opprusting av skulebygg. Dette er teke omsyn til dette i budsjettet for Vinje.

Rentenivået er lågt. Det er teke høgde for dette i økonomiplanen, både utgifts- og inntektssida. Kommunen har ein miks av flytande rente og fastrenter av ulik lengde. Durasjonssamandraget under gjev eit bilete på rentebindingane ved utgangen av Oktober 2014. Kommunens vekta gjennomsnittrente er 1,78 % og enkeltlåna varierer mellom 1,56 og 2,13%.

**Pensjonskostnader**

Den totale forsikringspremien ser ut til å auke frå 2014 til 2015. Pensjonsbølgja må finansierast og tidlegare års premieavvik etter kvart dekkast inn, og ein får liten drahjelp av marknadserenter og aksjemarknad. Nye reglar om reduksjon i amortiseringstida for premieavvik vil også auke kommunens kostnader til pensjon.

Vinje kommunes pensjonsmidlar i KLP ligg i såkalla "balansert portefølje" med 14% aksjeandel for tidlegare i år. Det finns alternativ med mindre og høgare aksje-eksponering, men dei fleste kommunar nyttar same alternativ.

## **Skatteanslag**

Det er budsjettert med ein auke på 1,25 % i skatteinngangen i 2015 samanlikna med revidert budsjett for 2014. Deretter er veksten sett til moderate 0,97% per år. Dette er medverkande til at nedskjeringsbehovet kan synast høgt utover i planperioden. Vinje har elles ei spesiell samansetjing av skatteinntektene, der ein stor del utgjer naturressursskatt. Satsen for naturressursskatt ligg fast og vert ikkje justert for prisvekst.

## **Prisar og gebyr på kommunale tenester**

Kommunestyret fastset prisar på kommunale tenester. Dei aktuelle tenestene med betaling er:

- Barnehagar og SFO.
- Plan- og byggesaker, kart og oppmålingstenester
- Leigeprisar for samfunnshusa
- Betalingssatsar for heimehjelp
- Kommunale avgifter for vatn, avløp
- Renovasjonsavgift
- Slam og septik
- Feiegebyr
- Prisar for kultur- og musikkskulen
- Satsar for sals- og skjenkegebyr
- Friskliv
- Landbruksvikar

Dei kommunale gebyra for vatn og avløp er sett til sjølvkost frå og med 2013. Det er også innført eit tilknytingsgebyr i staden for anleggsbidrag.

Årlege feie- og renovasjonsavgifter vert fastsett som tilrådd av styra for samarbeida.

Budsjettframlegget legg i varierende grad opp til prisauke på kommunale tenester, medan prisen på kart og oppmålingstenester vert indeksregulert i tråd med tidlegare kommunestyrevedtak.

## **Kraftprisen**

Kraftprisen er sett til å følge gjennomsnittleg spotpris Kristiansand med eit frådrag på 10%. Prisen skal ikkje overstige 450 kr/MWh, men heller ikkje seljast lågare enn 100 kr/MWh. Det er rekna med ein snittpris på 250,5 kr/MWh for 2015, ca 248 kr/MWh i 2016 og 241 kr/MWh i 2017.

## **Bufferar**

### **Løns- og prisvekst**

Det er lagt inn midlar til å kompensere for løns- og prisvekst i buffer.

Prisveksten kan leggast ut til einingane gjennom eit påslag, men vansken er at prisar utviklar seg ulikt for ulike einingar. Dette tilseier at ein gjer konkrete vurderingar og aukar budsjetttrammer for einingane på ein meir direkte måte.

Lønsvæksten for den enkelte eining vert klart når lønsoppgjjer og lokale forhandlingar er ferdige. Då veit vi kva den enkelte eining vil få i lønsvækst og midlar vert tilført etterkvart frå sentral buffer. Vi har eit system etter denne modellen som fugerar bra i dag.

Det er lagt inn følgjande til midlar til å dekke løns- og prisvekst i perioden:

2015	2016	2017	2018
12 392 000	26 692 000	30 544 000	42 788 000

Det er rekna med årleg lønsvækst 3,3 % og ein inflasjon på 2,5 % pr. år i tråd med det Statsbudsjettet legg til grunn. Bufferane for dei tre siste åra i planperioden er ikkje avrekna mot nedskjeringsbehovet og er difor etter måten høge.

### **Pensjon**

Pensjonsbufferen er lagt inn ettersom det er varsla at pensjonskostnadene også i 2015 vil auke meir enn lønsvæksten.

### **Gjestelevar**

Ansvar for utgifter og inntekter knytt til gjestelevar, dvs. inntekter og levar frå andre kommunar som går på Vinjeskulane og utgifter knytt til levar frå Vinje som går på skular i andre kommunar, ligg framleis i sentral buffer.

### **Buffer for elevar med særskilde behov**

Bufferen til elevar med særskilde behov er vidareført med kr 300 000,- i økonomiplanperioden.

### **Buffer ressurskrevjand brukarar**

Bufferen til ressurskrevjande brukarar er lagt inn med kr 500 000,- i økonomiplanperioden.

### **Uføresette utgifter**

Det er lagt inn kr 673 000 til utføresette utgifter i 2015.

### **Nedskjeringar**

Eit sentralt tiltak for å få driftsbudsjettet i balanse, har vore reduksjon av driftsnivået. Økonomiplanen føresett kontinuerleg nedbemanning eller andre driftsinnskrenkingar kvart einaste år i planperioden.

### **Kommentarar knytt til dei einskilde einingane**

Det er lagt inn endringar for dei fleste resultateiningane, samt einskilde nye tiltak. Desse korrigerane går fram av budsjettskjemaet for kvar eining. For å få budsjettet i balanse har Rådmannen justert ramma til fleir av einingane, spesifikasjonen går fram av eige vedlegg. Sakshandsamar vil i tillegg her kommentere nokon av endringane som er gjort.

### **Felles for barnehagane**

Gjennom brukarundersøking i barnehagane har det kome fram at fleire ynskjer utvida opningstid. Det er fleir grunnar til ynskje om utvida opningstid, mellom anna som følgje av at fleire pendlar til

arbeid. Rådmannen har også vurdert auka opningstid i høve til busetnad av flyktningar og turnusplanlegging innan omsorg. Dersom ein skal imøtekoma dette må barnehagane samla få tilført 1,6 mill kr. Rådmannen tilrår denne auka og har lagt det inn i ramma til den enskilte barnehage/oppvekstsenter. Sjølve vedtaket om auka opningstid har ein lagt til barnehageplanen som kjem til politisk handsaming i desember 2014.

Makspris i barnehagane går opp frå kr 2.405 til kr 2.480 frå 01.01.2015. Frå 01.05.2015 aukar den ytterlegare med kr 100 pr. måned.

### Helse og omsorg

Kommunal medfinansiering blir avvikla frå 1. januar 2015. Etablert praksis ved overføring av midlar mellom forvaltningsnivåa i samband med oppgåveoverføringar er at dette skal baserast på faktiske utgifter som er brukt på oppgåva. I tråd med dette vil grunnlaget for overføring av midlar frå kommunane til dei regionale helseføretaka bli basert på beste anslag for kommunenes faktiske utgifter til kommunal medfinansiering i 2015. Vinje får ein reduksjon på kr 4.533.000 som følge av dette.

I budsjettet for 2012 fekk einingane innsparingskrav. Den gong var det to omsorgseiningar, Vinje sjukeheim og Vinje heimetenester. For desse valde ein i all hovudsak å samle kuttet ved å mellombels å lukke 7 senger på Vinje sjukeheim. Grunngevinga var at ein såg det urealistisk å gjennomføre større kutt i heimetenestene, kor det allereie var store underskot. Ein var på dette tidspunktet tidleg i Samhandlingsreforma, og etterspurnaden etter sjukeheimplassar tilsa at det var mogeleg å gjennomføre tiltaket utan å gjere fleire strukturelle grep.

Framfor å gjere bemanningsreduksjonar ved omsorgssentra, blei tiltaket vidareført i budsjettet for 2013. Fram til sommaren 2014 har dette fungert bra, sjølv om ein i perioden har hatt låg dekningsgrad på sjukeheimplassar i høve til talet på eldre over 80 år.

Situasjonen i 2014 er endra i høve til 2012. Vi er nær to år lengre i Samhandlingsreforma, og kommunens oppgåver og ansvar er meir omfattande enn tidlegare. Ein har konvertert to plassar til Kommunal Øyeblikkelig Hjelp plass (KØH), jf. den plikt kommunen får til å etablere ny teneste (Helse- og omsorgslova) frå 2016. Desse endringane er gjort utan å auke ramma til eininga. Ordninga blir finansiera gjennom tilskot i 2015, men frå 2016 skjer finansiering via rammetilskotet.

Ein syner til folketalsauka og fordeling mellom aldersgruppene i figuren over s. 8, og tilrår å opne sjukeheimplassar for å få ein god tilpassing til dagens utfordringsbilete. For å realisere dette, er det trong for å tilføre 4 årsverk. Netto auke er 5 plassar. Gjennomføring av reetablering av sjukeheimplassar vil innebere at Vinje sjukeheim i 2015 har 39 ordinære sjukeheimplassar i drift, pluss to kommunale KØH plassar for Tokke og Vinje. Sju av dei 39 plassane er avsette til korttidsopphald. Rådmannen meiner dette samsvarer med behov for plassar på sjukeheimsnivå per 2015.

Etablering av Svingen bufellesskap inneber at ein kan samlokalisere fire bueingar til ein og realisere gevinst ved det. Ressursbruken i Svingen bufellesskap reduserast med 6,5 årsverk som fylgje av omstilling der. Eit av desse går bort ved etablering av ein ressurskrevjande brukar, slik at samla effekt her er reduksjon av 5,5 årsverk. Etablering av denne brukaren vil igjen utløyse tilskot ressurskrevjande brukarar, det har den ikkje gjort til no.

Det er tidlegar fastsett ei forventning om innsparing i storlik 3 mill. kroner. Reell reduksjon ved omlegginga er kr 4 342 400 i heilårsverknad. Januar månad vil vere omstillingsmånad og inneber ein ekstrakost jf. oppsettet i samband med flytting. Innsparinga gjeng til å dekke etablering av ressurskrevjande brukar, opning av sju sjukeheims plassar og justering PSYK/leiing.

<b>Samlokalisering - Svingen</b>	
Samlokalisering TFH til Svingen bufellesskap	-4 342 400
Etablering av nye ressurskrevjande brukarar	900 000
Opning av 7 sjukeheims plassar	2 610 000
Justering PSYK/leiing	832 400
<b>Totalt</b>	<b>0</b>


Rådmannen vurderer det som tenleg å få på plass kvardagsrehabilitering for å motverke funksjonstap, samt redusere trong for tenester. Med ei relativt stor auke i talet eldre i åra som kjem, ser ein dette som eit viktig tiltak. Målet er å innføre dette som arbeidsmetode i heimetenestene i alle distrikt. Eininga får ei auke i ramma på kr 280.000 til tiltaket.

I dag har vi fem lærlingplassar i kommunen. Under haustens budsjettseminar, blei det ytra ynskje om å auke talet på lærlingar med omsyn til dei langsiktige rekrutterings- utfordringane innom helse og omsorg. Ein har dessverre ikkje funne plass til dette i driftsbudsjettet for komande år, men rådmannen vil gjennomgå organiseringa av lærlingordninga for å sjå om det er mogleg å auke kapasiteten innan dagens økonomiske rammer.

#### Teknisk drift og vedlikehald

Auka ramme til brannvesen med kr 300.000. Kostnadane er knytt til meirutgifter knytt til utrykking og kurs.

Eininga får auka inntektskrav på kr 2.000.000, relatert til V/A-utbygging. Det er lagt opp til brukarfinansiering gjennom sjølvkostregimet, slik at lån og avdrag i størst mogleg grad blir dekt gjennom gebyrauke.




Figur 1 5% auke i avgiftene fram mot 2020




Figur 2 Avgiftsauke 10% i 2015 - 15% frå 2016

Gebyr samanlikna med andre kommunar



Figur 3 Tall er henta frå KOSTRA 2014- tal og elles er 2015 tal henta frå budsjettokument i dei einkilde kommunane



Figur 4 Tall er henta frå KOSTRA 2014 og elles er tal frå 2015 henta frå budsjettokument i dei einkilde kommunane

Tenestetorget

Det er lagt inn ei auke på 20 % på alle eksisterande byggesaksgebyr, samt innført gebyr for ferdigattest og førehandskonferanse. Desse inntektene er tenkt brukt til auka tilsynsaktivitet i hytteområda.



## Oversyn over innspel ein ikkje har funne plass til i driftsbudsjettet

Tiltak	Sum	Kommentar
Fornyng av Vetibyla - Vinje huset	100	Kan ein få til det til innfor ramma i 2014 eventuelt fordele mellom 2014 og 2015?
Lydanlegg for kino - Vinjehuset		Kostnad ikkje oppgjeve
Buffer til kjøkkendrifta på Vinjehuset		Kostnad ikkje oppgjeve
Drift av regionalt kulturhus	100	
Registrering av bøkar vi fekk i gåve	500	
"Alt mitt er ditt"	200	Sak bør opp i OVU for å avklare om ein skal ha dette.
Nyopptrykking av bind 2 av Bygdesoga	100	
Skrive slektshistoria for Edland-Haukeli	250	Dette er med på lista over innkomne søknader
SLT-tilskot	75	Kartlegge kostnadene før ein tar stilling til dette.
Auka bemanning - kultur	50	Må tas innfor ramma og eventuelt redusere noko ana.
Auke i tal på lærlingar		Løn 162 - NOKOS 80 for første halvår.
Auka bemanning - IKT	430	
Opplæring nytt telefonsystem - Tenestetorget	100	
Nytt utstyr og oppussing av formingsbygg - Åmot skule	205	
Auka ramme for ressurskrevjande brukarar - Edland skule	300	
Kompetanseheving - Vinje barnehagen	180	Bro Aschehoug (tot. Kost. 364)
Innføring av GAT i barnehagene		Kostnad ikkje oppgjeve
Auka ramme - barnehagelærarstudiet - Rauland barnehage	250	
Midlar til næringsplan	300	
Bruk av konsulentar - næring	500	Til arbeid med utleigekapasitet
Auka kostnader til drift av fellesgoder - Næring	500	
Opprusting av skiløyper Rauland og Vågslid	600	
Sti- og løypearbeid - skilting mm næring/ØPU	400	
Prosjekt-fjellsatsing og fjellandbruket med Tinn	100	Blir søkt om statleg finansiering.
<b>Totalt</b>	<b>5 240</b>	

## Gjennomgang av innkomne søknader

### Søknad om tilskot til asfalt av veg på Vågslid

Haukelifjell Fritidssenter Hytteforeining har søkt om bidrag til opprusting av veg frå kryss E134 og opp til Skisenteret. Opprustinga har eit samla budsjett på kr 800.000, og foreininga søker Vinje kommune om eit bidrag på kr 150.000

### Søknad om støtte til utgjeving av slektsoge for Øvre Vinje

Sullamrei historielag har sendt søknad om midlar til ein redaktør, og anslår at det er behov for ca. 0,5 årsverk. Det er søkt om kr 250 000,- til dette.

### Søknad om støtte til TV-prosjekt om dei tre musikarane frå Vinje Prestegard

Olav Høgetveit har søkt Vinje kommune om kr. 100.000,- til ein TV-dokumentar som han og Morten Thomte gjerne vil lage for visning i NRK-TV.

Dokumentaren skal handle tre musikarar, "tre originale karrierer", heilt ulike liv elles – men eitt er felles; dei vaks opp på same gard og fekk sine første leveår i same seng! Kva er det med barneromet på prestegarden i Vinje – og lokalmiljøet rundt - som saman har vore som ei smie for komande musikarar?

Ramma rundt det heile vil vera Vinje prestegard, kyrkja og grendene som ligg tett attmed og så vil dei nytte musikken til å underbygge historia dei fortel om musikarane sin barndom og oppvekst. Dei vil og gjennom tekst, bilete og musikk presentere kven musikarane er i dag og korleis deira musikk er prega av den barndommen dei hadde.

### Styggedal Crossbane

Prosjektet er meint å byggje ein crossbane for motorinteressera i bygdene Vinje, Tokke, Kviteseid og Seljord i alderen 5 – 100 år. Banen ligg sentralt til for alle dei fire kommunane, like utanfor Høydalsmo, nærare bestemt Mostøyl. Intensjonen med prosjektet er å førebyggje/få vekk ulovleg og risikofylt køyring i bygdene, samle born, unge og vaksne motorinteressera til eit trygt, inkluderande og rusfritt motormiljø. Samt ha ein fysisk og artig aktivitet som alternativ, der ski og fotball ikkje «fangar opp». Vinje Kommune v/Kultur har gitt start midlar på kr 15.000 til planarbeidet. Prosjektet Styggedal crossbane har søkt om kr 260.000 frå kvar av kommunane Vinje, Tokke, Kviteseid og Seljord.

## *Investeringar*

Vinje kommune står føre fleire store investeringar i åra som kjem. Innafor VA vert det planlagt og sett i gang strøre utbyggingar både i Rauland og Vågsli (ref. hovudplan for VA som var oppe i kommunestyret i desember 2013). Det ligg inne investeringar innan barnehage og skule på Rauland, samt i Edland. Ei samlokalisering av helsetenesta i Vinje medfører investeringsbehov på Vinje helsesenter jamfør sak til kommunestyret i april 2014. Totalt skal det investerast for 335,5 mill. kr i perioden 2015 – 2018, av dette 102 mill. kr i 2015.

Under er kvart investeringsprosjekt kort omtalt.

### Kyrkjer og kyrkjegardar

Det er avsett ½ mill som overføring til investeringsformål for kyrkjeleg fellesråd.

### Maskinplan kjøkken

Prosjektet legg til rette for eit utskiftingsprogram av maskiner til kommunens produksjonskjøkken.

### Edland skule

Etter restverdianalyse av bygningsmassa i 2014, er det sett av 500 000 til forprosjekt i 2015. Hovudprosjektet vil starte i 2016.

### Vinje helsesenter

Det er avsett 15 mill. kr til ombygging i samband med samlokalisering av helsetenesta i kommunen.

### Kommunalt lager og verkstad

Det er løyvd kr 500 000 2015 og i 2016 til utviding og opprusting av desse bygga.

### Kommunale bygg – brannsikring og enøktiltak

Det er avsett 6 mill. kr til brannsikring og enøktiltak i ulike kommunale bygg.

### Hovdestadmogen

Det er sett av ytterlegare kr 500 000 til søppelplassen i 2015.

### **Leidningsnett**

VA-nettet er fleire stader i ein slik forfatning at det gradvis må bytast ut. Her er det avsett tilsaman 18 mill. kr over ein treårsperiode.

### **G/S vegar**

Det er sett av 4,7 mill. kr til mellom ana ferdigstilling av GS-vegen på Austbø og fullføring av regulering, detaljprosjektering av gs-veg Hadland, samt naudsynt opprusting av eksisterande gs-vegar på Rauland og i Åmot.

### **Kommunale vegar og bruer**

Løyvinga til kommunale vegar vert vidareført med 4 mill kr i 2015 og deretter halvert i 2016.

### **Utlån E134 - Grungedal**

Det blir lånt ut 15 mill. kr i 2015, desse midlane skal betalast tilbake i 2017.

### **Maskinplan**

Teknisk drift og vedlikehald har fått ei løyving på 400 000 kr i 2015 og 2,5 mill. kr i 2016 til utskifting maskiner. Beløpet i 2016 er tiltenkt innkjøp av ny, men brukt, vegskrape.

